



Vinje kommune



PLAN FOR SPRÅKSTIMULERING OG LESE-/SKRIVEOPPLÆRING I BARNEHAGAR OG SKULAR



Språkvaska august 2010

VINJE KOMMUNE, HAUSTEN 2008

INNHALDSLISTE

Innleiing: Målet med planen	s. 4
DEL 1. GRUNNLAG FOR PLANEN	s. 5
1A Forankring	
• Opplæringslova	s. 5
• Rammeplan for barnehagar	s. 5
• Kunnskapsløftet	s. 5
• Stortingsmelding 30	s. 5
• Statens tiltaksplan "Gi rom for lesing"	s. 6
• Oppdrag: Bibliotek	s. 6
1B Ressurs- og læringsmessige faktorar	s. 6
• Læringsmiljøet	s. 6
• Styrars/rektors ansvar	s. 7
• I Vinje er det ynskjeleg at styrar	s. 7
• I Vinje er det ynskjeleg at rektor	s. 7
• Foreldresamarbeid	s. 7
DEL 2. PRAKTISKE HANDLINGSPLANAR	s. 8
• Innleiing: Kva er lesing og skriving?	s. 8
• Mål og tiltak i barnehagane	s. 9
• Mål og tiltak for 1. trinn	s. 13
• Mål og tiltak for 2. trinn	s. 14
• Mål og tiltak for 3. og 4. trinn	s. 16
• Mål og tiltak for 5. – 7. trinn	s. 19
• Mål og tiltak for 8. – 10. trinn/ungdomstrinnet	s. 23
• Plan for kartlegging frå barnehage til 10. trinn	s. 26
• Tiltak for elevar som skårar under kritisk grense	s. 28
• Tilvising for vidare utgreiing av alvorlege lese- og skrivevanskar/rutiner for samarbeid mellom skular og PPT	s. 31
DEL 3. VEDLEGG	
• 1. Medvindsfaktorar/Nielsen	s. 33
• 2. Plan for samarbeid heim/skule	s. 34
○ 1. trinn	s. 35
○ 2. trinn	s. 36
○ 3. trinn	s. 37
○ 4. – 7. trinn	s. 38
• 3. Leseutviklingsmodell	s. 39
• 4. Eksempel på språkleikar	s. 40

- 5. Tidsplan for språktreningsprogram/1. trinn s. 42
- 6. Lesehugseliste s. 43
- 7. Læringsstrategiar s. 44
- 8. Leselogg 1 s. 45
- 9. Leselogg 2 s. 46
- 10. Særtrekk ved elevar som kan gje mistanke om lese- og skrivevanskar – lesing, skriving, generell åtferd s. 47

REFERANSAR / LITTERATURLISTE / MATERIELL s.49

INNLEIING

Målet med planen

Dei siste åra har det på nasjonalt nivå vore mykje merksemd rundt leseugleiken til norske elevar.

Internasjonale og nasjonale leseundersøkingar (PISA og PIRLS) har klart vist at norske elevar har dårlegare resultat enn elevar i land det er naturleg å samanlikne seg med.

Resultata frå PISA- undersøkinga viser også at norske 15-åringar er blant elevane som har minst positiv haldning til leseaktivitetar blant alle dei deltakande landa.

Senter for leseforskning i Stavanger gjennomfører nasjonale kartleggingsprøver på ulike trinn i grunnskulen. Desse prøvene har til nå avdekt at ein stor del av elevane skårar nær og under det ein vurderer som kritisk grense.

På landsbasis satsar ein difor no på lesemotivasjon hjå elevane og solid nivåheving av lese- og skrivedugleiken.

Erfaring viser at ein konkret, systematisk plan på kommune-, barnehage- og skulenivå er eit godt grunnlag for å lukkast i slikt arbeid.

Avgjerande faktorar på kommunalt nivå er bl.a. øyremerkte ressursar til språkopplæring, leserettleiarfunksjon, kompetanseplan, felles kommunal informasjon til foreldre, og at feltet er pålagt satsing på alle nivå i barnehage og skule.

Oppbygging av planen

Planen for språkstimulering og lese- og skriveopplæringa er bygd opp i tre delar:

Del 1: Grunnlaget for handlingsplanen

Del 2: Praktiske handlingsplanar

Del 3: Vedlegg

DEL 1. GRUNNLAG FOR PLANEN

A. Forankring

Opplæringslova § 1.2

Opplæringa skal tilpassast evner og føresetnader til den enkelte. Det betyr at dei elevane som strevar med å få funksjonell dugleik i lesing og skriving, har rett til tilpassa hjelpetiltak.

Rammeplanen for barnehagar – kap. 3.1 Kommunikasjon, språk og tekst

Tidlig og god språkstimulering er ein viktig del av innhaldet i barnehagen. Kommunikasjon går føre seg i eit vekselspel mellom å motta og tolke ein bodskap og å sjølv vera sendar av ein bodskap. Både den nonverbale og den verbale kommunikasjonen er viktig for å utvikle eit godt munnleg språk. Å få varierte og rike erfaringar er avgjerande for å forstå omgrep. Å samtale om opplevingar, tankar og kjensler er nødvendig for utvikling av eit rikt språk. Tekst omfattar både skriftlege og munnlege forteljingar, poesi, dikt, rim, regler og songar. Viktige sider ved kulturoverføringa er knytte til kommunikasjon, språk og tekst.

Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna:

- lyttar, observerer og gjev respons i gjensidig samhandling med barn og vaksne
- vidareutviklar omgrepsforståinga og brukar eit variert ordforråd
- brukar språket sitt for å uttrykke kjensler, ynskje og erfaringar, til å løyse konflikhtar og å skape positive relasjonar i leik og anna samvær
- får eit positivt forhold til tekst og bilete som kjelde til estetiske opplevingar og kunnskap, samtaler, og som inspirasjon i fabulering og nyskaping
- lyttar til lydar og rytme i språket og blir fortrulege med symbol som talsiffer og bokstavar
- blir kjende med bøker, songar, bilete, media m.m.

Kunnskapsløftet

Den nye læreplanen beskriv norskfaget som eit sentralt fag for kulturforståing, kommunikasjon, danning og identitetsutvikling. Gjennom aktiv bruk av språket i arbeid med egne tekster og i møte med andre, innlemmast barn og unge i kultur og samfunnsliv.

Norskfaget opnar ein arena der elevane får høve til å finne si eiga stemme, ytre seg, bli høyrte og får svar. Slik representerer faget ein demokratisk offentlegheit som rustar til deltaking i samfunnsliv og arbeidsliv, som det blir uttrykt i Kunnskapsløftet.

Eit hovudmål for opplæringa i norsk gjennom det 13-årige løpet er språkleg sjølvtrillit og tryggleik i eigen kultur som grunnlag for utvikling av identitet, respekt for andre kulturar, aktiv samfunnsdeltaking og livslang læring.

St.meld. 30 Kultur for læring (2003-2004)

Ifølgje den nye stortingsmeldinga skal skulen fokusere på desse *grunnleggjande dugleikane*: Å kunne uttrykke seg munnleg og skriftleg, kunne lesa og rekne og å kunne bruke digitale verktøy.

For å sikre ei kontinuerleg utvikling av dei grunnleggjande dugleikane åt elevane gjennom heile opplæringsløpet, må desse dugleikane integrerast i læreplanane for alle fag på ulike nivå. Det vil seie at faglærarane også må vera norsklærarar når dei skal hjelpe elevane sine til å forstå teksta i t.d. RLE eller naturfagboka.

Vidare foreslår departementet at begynnaropplæringa i lesing og skriving startar på 1. trinn.

B. Ressurs- og læringsmessige faktorar

Statens tiltaksplan: "Gi rom for lesing!"

Planen skisserer strategiar for stimulering av leselyst og lesedugleik 2003-2007.

Oppdrag: bibliotek!

"Gi rom for lesing" - prosjekt for 6. og 9. trinn.

- Desse bøkene er pakka i bokkasser som blir oppbevarte på biblioteket i Åmot. Bøkene har variert innhald, og dei fleste finn du ikkje på skulebiblioteket. Det er også mange lydbøker.

Legg dette prosjektet inn i planen for 6. og 9.trinn, og hent bokkassa når tida nærmar seg oppstart.

Læringsmiljøet

Eit godt læringsmiljø for lese- og skriveopplæring er basert på gode rammefaktorar med føremålstenleg organisering av ressursar.

Det må vera nok lesestoff av ulik vanskegrad i rommet der læring føregår – i tillegg til at skulebiblioteket har eit godt utval av skjønn- og faglitteratur.

Lærarane må bruke varierte metodar for å tilpasse undervisninga til dei ulike føresetnader, evner og læringsstrategiar elevane har, og generelt ha god kompetanse på fagfeltet.

Undervisninga må veksle mellom gruppe-, smågruppe- og par-aktivitetar.

Som i alle andre samanhengar er tryggleik, godt samspel og god dialog vesentleg for å greie tileigne seg kunnskap.

Det er også svært viktig at læraren har godt innsyn i kvar den enkelte eleven står fagleg og sosialt. Med eit slikt utgangspunkt kan læraren på best mogleg måte hjelpe eleven til å ta bevisst del i sin egen lærings situasjon, og vera i aktiv samhandling og dialog med lærar og medelevar.

I denne samanhengen kan det også vera naturleg å setje søkjelys på kvaliteten av lesebøkene åt elevane. I Danmark sette dei i 1999 i verk ei stor lesebokundersøking som vurderte kva ulike leseboksystem hadde å seie for leseutviklinga hjå borna. På bakgrunn av denne undersøkinga sette Jørgen Chr. Nielsen opp "medvinds- og motvindsfaktorar" for å beskrive kva rolle verdien av moglege variablar kunne spele for kvaliteten på leseundervisninga.

Vedlegg 1: Medvindsfaktoran til Jørgen Chr. Nielsen (2001), s. 30

Styrars/rektors ansvar

Styrar/rector har det overordna pedagogiske og administrative ansvaret for opplæringa, og skal sørge for at ho blir gjennomført etter gjeldande rammeplan/undervisningsplan.

Han/ho må arbeide bevisst for å rekruttere pedagogar med god kompetanse i normal språkutvikling og begynnropplæring, og generelt sørge for kompetanseheving og vidareutvikling i personalet – med utgangspunkt i at alle pedagogar også er norsklærarar.

Til styrars/rektors oppgåver høyrer det også med å halde seg godt orientert om ulike læremiddel.

Med grunnlag i den økonomiske evna til eininga må han/ho sørge for å skaffe nødvendig, tilpassa materiell. Dette omfattar også digitale hjelpemiddel med pedagogisk programvare. Skule-/folkebiblioteket må spele ei sentral rolle i læringsmiljøet på kvar enkel skule. Rector må sjå til at standarden på skulebiblioteket er på eit slikt nivå at det kan dekkje denne rolla.

I Vinje er det ynskjeleg at styrar:

- legg teoretisk og praktisk til rette for best mogleg arbeid med barnas språkutvikling.
- legg vekt på opplæring av nytilsette medarbeidarar. Dette gjeld spesielt ufaglærde medarbeidarar.
- sørgjer for at barnehagen har eit godt utval av bøker og anna materiell som fremjar barnas språkutvikling.
- arbeider for eit generelt språkstimulerande miljø for alle barn, med allsidig bruk av språk til samtale, leik, lytting, rim, song, rytme og fabulering.
- lèt barna møte symbol som bokstavar og siffer i daglege samanhengar.
- støttar barnas initiativ når det gjeld å lesa, leikeskrive, diktere tekst, sortere og telje.
- legg inn årleg "leseveke" i barnehagens årsplan i veke 17, i tilknytning til "Verdens bokdag" 23. april.
- ser til at kommunens norsklæringsplan er eit verktøy i aktiv bruk.

I Vinje er det ynskjeleg at rektor:

- set av minimum 3 lærartimar i veka som fleksibel styrkingsressurs til lese- og skriveopplæringa på 1.- og 2. trinn.
Første del av skuleåret brukar ein denne ressursen til 2.trinn, medan han i løpet av skuleåret blir overført til 1.trinn.
- set av minimum 3 veketimar til stilling som koordinator for tilpassa opplæring på dei største skulane. Til denne stillinga høyrer naturleg medansvar for kartlegging og oversikt over leseutvikling på dei ulike trinna, rettleiing av medarbeidarar og samarbeid med skuleleiinga og PPT.
- ser til at kommuneplanen for kartlegging blir følgd. Rektor må delta i vurdering av resultat på dei ulike trinna og sørge for god ressursstyring ut frå dette grunnlaget.
- legg inn årleg lesekampanje i skulens årsplan/veke 17 i tilknytning til "Verdens bokdag" 23. april. Dette gjeld for alle trinna.
- ser til at kommuneplanen for språkstimulering og lese-/skriveopplæring er eit verktøy i aktiv bruk.

Foreldresamarbeid

Barnehagen og skulen er avhengige av eit godt samarbeid med foreldra for å lukkast med å gje alle barn ei best mogleg opplæring og oppfølging av lese- og skriveutviklinga.

Barnehagar og skular har eit særleg ansvar for å etablere gode samarbeidsrutiner med foreldre som har minoritetsspråkleg bakgrunn.

Vedlegg 2: Plan for foreldresamarbeid, s. 31

DEL 2. PRAKTISKE HANDLINGSPLANAR

INNLEIING

Kva er lesing og skriving?

Å lære elevar lesekunsten er den viktigaste oppgåva i skulen. Å vera flink til å lesa opnar vegen inn til vår kultur, til litteraturverda og til kunnskap på ulike fagfelt. God lesedugleik gjev den enkelte meir å velje mellom når spørsmålet om yrkesval melder seg.

Ein reint teknisk definisjon på lesing = *motivasjon x avkoding x forståing*.

Lesekompetanse omfattar evna *avkoding*. Det vil seie at dei enkelte bokstavane blir omsette til lydar, stavingar og heile ord, og at orda igjen må gje *mening og forståing*.

Barn utan spesifikke språklege vanskar vil ofte klare den tekniske sida av lesing ganske greitt med god opplæring. Det er ofte den meiningsberande komponenten av lesing som fører til vanskar for barn med eit lite ordtilfang og for barn med evner under gjennomsnittet.

Barn utan spesifikke sensoriske eller språklege vanskar som kjem frå heimar med god språkleg stimulering, vil ha betre føresetnader for å meistre både avkoding og forståing.

Lesing og skriving byggjer på daglegtale. Den gryande forståinga av kva ord, bokstavar og lydar er, kan forsterkast med leikeskriving. Eksperimentering med skriving kan gje barna behov for å vita korleis dei skal teikne/skrive dei ulike lydane og bokstavane deira.

Når barn tek til å skrive, seier dei ordet og høyrer samtidig lydane i ordet. Dette gjev den første forståinga av at kvar lyd har eit teikn.

Den same forståinga treng dei for å lære å lesa. Lese- og skriveopplæringa må gå parallelt, slik at utvikling på det eine området forsterkar og utvidar det andre.

Det er ikkje like naturleg å lesa og skrive som å snakke. Leseinnlæringa hjå barnet kan ein best beskrive som ei trinnvis utvikling der ny kunnskap må erobrast før utviklinga kan gå vidare til neste trinn.

Lese- og skriveutviklinga følgjer i hovudsak desse trinna:

Trinn 1: Symbollesar.

Representert ved logo-lesing, dvs. visuell gjenkjenning av karakteristiske utformingar.

Trinn 2: Begynnarlesar.

Etablering av avkoding. Oppbygging av fonologisk analyse(lydar) og syntese. Begynnande ordlesing.

Trinn 3: Overgangslesar.

Begynnande automatisering av punkta over. Ordlesing, setningslesing og lesing av enkle tekster.

Trinn 4: Innhaldslesar.

Les ulike tekster for å lære og oppleve m.m.

Skrivinga følgjer også desse trinna. Lesing og skriving forsterkar og utfyller kvarandre heile vegen.

Vedlegg 3: Leseutviklingsmodell / Spear - Swerling og Sternberg, 1994, s. 36

MÅL OG TILTAK I BARNEHAGEN

Mål for planen: Å oppdage avvik frå venta utvikling tidleg.

Innleiing:

Denne planen er laga for alle barnehagane i Vinje.

Alle mål og kartleggingsverktøy er bindande, det vil seie at dei skal gjennomførast, medan tiltaka er forslag til metodar ein kan bruke. Det vil seie at det er ope for lokale variasjonar når det gjeld innhaldet, til dømes kva for rim, regler, segner og historier ein vil nytte.

Hovudmål:

- Ø Barna skal oppleve eit variert og allsidig språkmiljø, og få erfaringar med både skriftleg og munnleg språk.
- Ø Personalet skal leggje til rette for eit stimulerande språkmiljø, og vera seg bevisst sin funksjon som førebilete.
Med dette meiner ein korleis ein lyttar, gjev konstruktiv respons og brukar kroppsspråk, talespråk og tekst.

For å nå desse måla må barnehagen

- ha eit nært samarbeid med foreldre, logoped, spesial pedagog, PPT, helsestasjon og skule
(sjå eigen plan for samarbeidet under.)
- samarbeide nært med dei andre barnehagane i kommunen, her vil det koma fleire tiltak etter kvart.
- sørge for at det finst eit godt utval av nynorske bøker, og formidle lokal litteratur
- kvar dag leggje til rette for høgtlesing, språkleikar, song, rim/regler (Rammeplan for barnehagen s.35).
- markere ”verdens bokdag” 23. april med ei leseveke/ fokus på språk/ tekst.

Dei vaksne må

- sikre samtaler/ dialogar i kvardagsaktivitetar (måltid, påkledning osv.) og leik.
- markere leseretning når dei les for barna.
- møte barna på ein undrande måte, stille spørsmål og vente på svar.
- snakke med barna, oftare enn til barna.

Samarbeide med andre instansar:

Tiltak	Ansvar	Når/kor ofte:
Samarbeidsmøte mellom barnehagen og ansvarleg helsesystem	Barnehagen Styrar	Sjå helsesystems møteplan.
Samarbeidsmøte mellom barnehagen, spesialpedagog og logoped.	Barnehagen	Kvar 6. veke.
Samarbeid mellom barnehagen og PPT i FSB-møte	Barnehagen Styrar	Sjå eigen møteplan.
Samarbeid mellom barnehagen og dei føresette.	Barnehagen Pedagogisk leiar	Ein gong i halvåret og etter behov.
Samarbeid mellom barnehage og skule.		Sjå eigen plan for overgang barnehage/skule.

Arbeidsmåtar og tiltak

2-3-åringen:

Toårsalderen er kjenneteikna av stor utviding av ordtilfanget. Ein ventar at barnet skal kunne bruke 50 ord, men det har eit passivt ordtilfang på ca 1500 ord. I to-treårsalder vil ein vente at barnet brukar substantiv og verb frå dagleglivet. Ver merksam på dei barna som har få ord ved 2-årsalder!

Arbeidsmål	Tilrådde tiltak
<ul style="list-style-type: none"> • Skal kunne bruke 2-3-ords ytringar • Skal kunne peike ut daglegdagse gjenstandar • Skal kunne fylgje ein enkel instruksjon • Skal kunne halde merksemda mot noko i kortare tid 	<ul style="list-style-type: none"> • høgtlesing • song og musikk • puslespel • felles opplevingar • språkkoffert • rim og regler

3-4-åringen:

Først i tre-fireårsalderen byrjar barn å bruke meir komplekse setningar. Grammatikken i ytringane blir med andre ord meir i samsvar med dei syntaktiske reglane i språket. I 3-årsalderen byrjar barnet å bruke 3-ords ytringar, og normalspråklege barn meistrar dei fleste setningsstrukturane ved fireårsalderen.

Fireåringen er opptatt av klassifisering og kategorisering, og byrjar no å leike med rimord og vitsar. Aktivt vokabular hjå barnet bør vera rundt 2000 ord.

I denne alderen er det særskilt viktig å byrje å fokusere på rett blyantgrep.

Arbeidsmål	Tilrådde tiltak
<ul style="list-style-type: none"> • Skal kunne bruke 3-4-ords setningar. • Har tilnærma korrekt setningsbygning. • Skal kunne forstå og bruke uttrykk som inneheld preposisjonar. • Skal kunne forstå 4 fargenamn. • Skal kunne bruke spørjeord som kva, kven og kvifor. • Skal etter kvart byrje å leike med rimord og regler. • Lydane k, g, f, s, v og alle stavingane skal vera på plass innan neste alderstrinn. 	<ul style="list-style-type: none"> • Rim og regler. • Språkleikar som til dømes: "Mitt skip er lasta med", "Kims leik" og andre. <i>Sjå vedlegg: Frost språkleikar, s.37..</i> • Språkkoffertar. • Leikeskriving. • Høgtlesing. • Setje lappar med namn på ting. • Lotto og memory. • Puslespel. • Tilgjengelege/synlege tal og bokstavar! • Medvitne vaksne.

4-5-åringen:

Ein reknar med at når barn er i fireårsalderen, har dei fleste tileigna seg kvardagsspråket. Dei har eit ordtilfang som gjer at dei kan snakke om det meste, rett grammatikk, og ei uttale som gjer at dei blir forstått av framande.

Dei er også flinke til å konversere, og kommenterer og gjev respons på utsegner andre kjem med. I tillegg byrjar 4-åringen å bruke gestar og endrar andletsuttrykk i samtaler, dessutan forstår dei kroppsspråk og gestar åt andre.

4-5-åringen viser aukande interesse for vitsar og rimord, og det er venta at barn i denne alderen kan fortelje ei historie med ein viss samanheng.

Arbeidsmål	Tilrådde tiltak
<ul style="list-style-type: none"> • Skal kunne bruke 4-5-ords setningar • Skal kunne sortere ting i kategoriar • Skal kunne bruke omgrep som: farge, form, storleik, mengde, lengde og vekt. • Skal kunne fortelje noko om kva ting er. • Skal kunne rime på eiga hand • Skal ha rett blyantgrep 	<ul style="list-style-type: none"> • Høgtlesing. • Bruk av rim og regler. • Bruk av vitsar og gåter • Bruk av IKT-verktøy i språkinnlæringa • Oppmuntre til leikeskriving • Synlege/tilgjengelege tal, bokstavar, dessutan barnas namn. • Bruke språkleikar som til dømes: "Mitt skip er lasta med", "Kims leik" og andre (<i>sjå vedlegg Frost språkleikar</i>). • Arbeide med dramatisering og rolleleik. • Bevisste vaksne/gode rollemodellar.

Kartlegging i barnehagen

- i nært samarbeid med føresette:

Tiltak	Ansvar	Når:
TRAS	Pedagogisk leiar	Kvart år
OBS	Pedagogisk leiar	Siste år i barnehagen
ALLE MED	Pedagogisk leiar	Ved bekymring
KOPS	Pedagogisk leiar	Ved bekymring
SPRÅK 6-16	Pedagogisk leiar	Siste barnehageår og ved bekymring.

Ved bekymring: Det vil seie når barnet ikkje maktar arbeidsmåla for sin alder:

- skrive logg, observere ved hjelp av testar og kartlegging
- samtale med føresette
- sjekke syn/høyrsel
- bruke FSB (Forum for Systemretta arbeid i Barnehagen) for å få rettleiing
- lage ein plan for det enkelte barnet
- kople inn logoped eller andre faginstansar

Litteraturliste:

Bøker som barnehagen skal ha, og som alle pedagogar skal lesa:

- TRAS-handboka, Unni Espenakk m. fleire.
- Alle med handboka
- Språkveilederen, Unni Espenakk m. fleire.
- Språkleikar: Jørgen Frost:
- Lærerens ABC: Liv Engen

Tilrådd litteratur:

- Språkglede i barnehagen: Herdis Pálsdóttir
- Les meir! Trine Solstad
- Perm med nynorske tekster / idear
- Handboka til "Snakkepakken"
- Les for meg

MÅL OG TILTAK FOR 1. TRINN

Hovudaktivitetsområde: Utforske tale og skriftspråk

Lesing og skriftspråkkompetanse byggjer på daglegtala til barnet. Barn med god språkkompetanse ved skulestart har betre føresetnader når dei skal uttrykkje seg munnleg og til å lære å lesa og skrive.

Skulen skal utlikne og kompensere for barns ulike språklege føresetnader og ulik bakgrunn med å vidareføre den systematiske språkstimuleringa i barnehagen.

Elevane må hjelpast til å oppdage og bli merksame på at tale og skrift har ei formside og ei innhaldsside.

Formsida kan delast opp i setningar, ord, bokstavar og lydar, medan innhaldssida kan delast opp i ulike typar budskap.

I løpet av året skal elevane på 1. trinn møte tale og skriftspråk i så stor grad som råd. Det tyder at samtaler, ordforklaringar, forteljingar, fellesopplevingar, høgtlesing og tekstskaping må ha høg prioritet.

Klasser som legg stor vekt på **munleg aktivitet** rundt utforsking av tale og skriftspråk, har betre leseresultat enn klasser som gjer dette i mindre grad.

Hovudmål

Eleven skal gjennom utforsking av tale og skriftspråk

- bli fortruleg med samanhengen mellom tale og skriftspråk
- bli fortruleg med at språket har ei formside og ei innhaldsside
- bli fortruleg med dei vanlegaste store og små bokstavane og lydane
- vidareutvikle det munnlege språket og omgrepsforståing

Arbeidsmål	Tilrådde tiltak
<ol style="list-style-type: none"> 1. Kunne hugse to til tre regler utaboks. 2. Kunne rime på eiga hand. 3. Forstå kva ei setning, eit ord, ei staving og ein lyd er. 4. Kunne gjenkjenne og produsere samansette ord. 5. Kunne telje ord i ei setning. 6. Kunne dele opp ord i stavingar. 7. Kunne uttale ord langsamt med kontrollert artikulasjon. 8. Kunne forstå at ord i talespråket lydmessig skal stemme med bokstavar i skriftspråket. 9. Kunne finne første og siste lyden i ord. 10. Kunne lytte ut lydane i to - til trelyds ord. 11. Kunne kjenne att ein del av dei vanlegaste store og små bokstavane. 12. Kunne bruke eit situasjons - uavhengig språk. 13. Bruke rett blyantgrep 14. Kunne lytte til dagleg høgtlesing Kunne lesa enkle ord og setningar ved å stava seg gjennom dei. 	<ul style="list-style-type: none"> • Trene rim og regler • Bruke språkleikar dagleg (Jørgen Frost). <i>Vedlegg 4: Eksempel på språkleikar, s.40</i> <i>Vedlegg 5: Tilrådd tidsplan for språktrening, s. 42</i> • Bruke språkverkstad der det blir lese, skrive, snakka og leika med ord. • Utforske språket. • La elevane møte store og små bokstavar og skrift i klasserommet; namnelappar, plakatar, skilt, beskjedtavle osv. • Mykje skriving med leikeskrift og etter kvart bokstavar. • Bruke "Børnestaving" som metode. • Arbeide med omgrep (Magne Nyborg). • Dagleg høgtlesing og samtaler om innhaldet • Lage eigenproduserte tekster, felles og individuelle. • Trene munnleg framstilling av kjente tema i eit situasjonsuavhengig språk (t.d. telefon, gåter, vitsar, noko ein ikkje ser). • Utnytte naturlege situasjonar til språk- og erfaringsbasert omgrepsstimulering dagleg. • Bruke peikefinger ved lesing. • Drama/rolleleik • Finmotorikk - øvingar, sporingsark

- Pedagog bør lesa:
"Lærerens ABC"- Liv Engen
"Lære å lære" – Carol Santa
"Prinsipper for god leseopplæring" – Jørgen Frost

MÅL OG TILTAK FOR 2. TRINN

Hovudaktivitetsområde: Tale- og skriftspråk utvida med å skrive og lesa enkle tekster.

I starten av 2.skuleår vil nokre elevar kunne lesa, nokre kunne skrive slik at andre forstår innhaldet, og nokre få vil framleis vera fonologisk usikre.

Dette må føre til mindre fellesundervisning og meir individuell tilpassing med målretta arbeid i barnets ”næraste utviklingszone”. Denne individualiseringa er avgjerande for at den enkelte skal oppleve meistring, sjølvtilitt og motivasjon.

Samspel og kommunikasjon må gjennomsyre skuledagen slik at alle naturlege situasjonar brukast til samtaler, ordforklaringsar, skriving og lesing på det nivået elevane er. På 2. trinn må lesing og skriving i større grad enn tidligare bli ein naturleg del av alle timar uansett fag.

Hovudmål

- Eleven skal kunne lesa og skrive enkle tekster
- Eleven skal vidareutvikle språkforståinga og språkevna si.

Arbeidsmål	Tilrådde tiltak
<ol style="list-style-type: none"> 1. Eleven skal ha nådd måla for 1. trinn. 2. Kunne kjenne att, skrive og nemne alle bokstavane, små og store. 3. Kunne skrive enkle lydrette ord. 4. Kunne kjenne att dei mest vanlege ikkje-lydrette ord som og, men osv. 5. Ha kjennskap til diftongane. 6. Kunne dele ord i stavingar ved å klappe dei. 7. Kunne dele ord i stavingar ved å prikke under vokalar og setje delestrekar mellom stavingane. 8. Kunne fasthalde stavingane under skriving (opp til tre stavingar). 9. Kunne skrive korte setningar. 10. Kunne variere oppbygginga av ei setning på minst to måtar. 11. Kunne laga spørsmål til ei setning. 12. Kunne lesa og skrive enkle tekster. 13. Kunne forstå det som blir lese. 14. Kunne bruke eit situasjonsuavhengig språk. 15. Kunne alfabetet 	<ul style="list-style-type: none"> • Språkleikar (Jørgen Frost) • Nødvendig repetisjon frå 1. trinn. • Ein rår til å lære dei fleste små bokstavane innan jol. Repetere dei ”vanskelege” etter jol. • Bruke syntetisk metode i leseopplæringa. • Lærar blir rådd til å føre loggbok over dei bokstavane det enkelte barn meistrar. • Samanhengande skrift blir innført først når det enkelte barnet automatiserer samanhengen mellom lyd og bokstav. • Bruke verkstadsorganisering systematisk i språkopplæringa. • Ha tilgjengeleg eit utval av (lese)bøker med ulik vanskegrad. • Setje av fast tid til stillelesing og høgtlesing, helst dagleg. • Dagleg tilpassa leselekse. • Bruke nivåtilpassa lesebok og -lekse. (Eleven skal meistre 90-95% av teksten) • Halde på med omgrepsutvikling bygd på erfaring. • Bruke eigenproduserte tekster, felles og individuelt, som logg, referat osv. • Bruke skriving knytt til funksjon, t.d. lister, beskjedar osv. • Skriving og lesing blir brukt vekselvis og forsterkar kvarandre. • Bruke mykje samtale om språk og innhald. • Jobbe med innhaldsforståing, førforståing og hypotesar. • Drama og rolleleik. • Attforteljning • Bli kjent på biblioteket

	<ul style="list-style-type: none">• Arbeide med "Hundreordslista", sjå vedlegg• Tekstskaping i fellesskap.• Tekstskaping på PC• Alfabetsongar/regler• Tiltak for elevar som skårar nær eller under kritisk grense, t.d. lesekurs og leseverkstad.
--	---

- Pedagog bør lesa:
 - "Lærerens ABC"- Liv Engen
 - "Lære å lære" – Carol Santa
 - "Prinsipper for god leseopplæring" – Jørgen Frost

MÅL OG TILTAK FOR 3. OG 4. TRINN

Hovudaktivitetsområdet blir utvida med å utforske ord i lesing og skriving.

Elevane skal no vera ferdige med den grunnleggjande begynnarpplæringa og vil vera klare for å nytte desse kunnskapane i eige tempo.

Det er svært viktig at dei elevane som framleis heng etter med omsyn til grunnopplæringa, blir fanga opp og får ekstra støtte og hjelp.

Krava til lesedugleik vil auke oppover i trinna, og dette er kanskje det siste høvet til å fange opp problem medan god motivasjon framleis er til stades.

Kravet til leseforståing vil auke, og arbeid med strategiar for auka leseforståing må intensiverast.

Nivåforskjellen på trinna blir tydelegare, og det blir nødvendig med sterkt fokus på tilpassa opplæring og individualisering.

Hovudtema:

- Å kunne lesa ei tekst
- Å kunne utvikle leseforståing
- Å utvikle skrift og skriftspråk
- Å utvikle studietekniske dugleikar

Hovudmål 1

Automatisering av lesedugleik

Arbeidsmål for eleven	Tilrådde tiltak (Sjå også under hovudmål 2 og 3)
<ol style="list-style-type: none"> 1. Elevane skal ha nådd måla for 1. og 2. trinn. 2. Kunne tileigne seg gode strategiar for lesing av vanskelege ord. 3. Kunne tileigne seg auka ordkunnskap for å utvikle meir heilskapleg lesing. 4. Kunne lesa lette tekster relativt flytande. 5. Kunne auke lesefarten utan at det går ut over flyt og forståing. 6. Kunne lesa stille, gradvis utan lyd og utan å røre munnen. 7. Kunne nytte ulike lesemåtar som høgtlesing, felleslesing og stillelesing. 	<ul style="list-style-type: none"> • Nødvendig repetisjon frå 1. og 2. trinn. • Nytte "helhetslesning" som metode. (<i>Jf. Jørgen Frost</i>) • Sørgje for at alt lesestoff (også leselekser)er tilpassa lesenivået til barnet. (90-95% meistring) • Bruke ulike lesemåtar som høgtlesing, felleslesing og stillelesing. • Dagleg leseleksje/høgtlesing heime. • Setje høgtlesing og stillelesing i system (t.d. lesekvarten, leselestaksjonen m.m.) • Lesespel, lesekort, osv. • Tiltak for dei elevar som skårar nær eller under kritisk grense, t.d. lesekurs og leseverkstad. • Repetert lesing • Alfabetøvingar/alfabetisering • Finne ord i ord • Arbeide med "Hundreordslista" • Forteljarstol, vekas dikt • Lesa utvalde tekster med fokus på pausar og tonefall

Hovudmål 2*Leseforståing*

Arbeidsmål for elevane	Tilrådde tiltak (Sjå også under Hovudmål 1 og 3)
<ol style="list-style-type: none"> 1. Kunne bruke lesing til læring. 2. Kunne fortelje att ei tekst. 3. Kunne stille enkle spørsmål til ei tekst. 4. Gradvis kunne lesa bøker utan biletstøtte. 5. Kunne variere språket og utvikle betre ordforråd og setningskonstruksjon. 6. Kunne nyansere lesing etter leseformål. 	<ul style="list-style-type: none"> • Vekeord - omgrepstrening • Arbeid med førforståing, hypotesar og oppsummering. • Dagleg stillelesing på skulen i 10-20 minuttar. • Lesekampanjar/leseveker /"bokorm" og andre lesefremjande tiltak på skulen. • Systematisk bruk av skulebibliotek og oppmuntring til bruk av folkebibliotek. • Forfattarbesøk. • Veksle på å lesa fonologisk og ortografisk etter behov • Lesa nonord • Lesa framandord • Finne ord i ord • Tiltak for dei elevar som skårar nær eller under kritisk grense, eksempelvis lesekurs og leseverkstad.

Hovudmål 3*Utvikle skriftspråket*

Arbeidsmål for elevane	Tilrådde tiltak (Sjå også under hovudmål 1 og 2)
<ol style="list-style-type: none"> 1. Få auka skriveglede og skrivedugleik. 2. Utvikle samanhengande skrift i sin egen takt. 3. Kunne skrive ei tekst med struktur (med start, handling og avslutning) 4. Kjennskap til ulike ordklasser (subst., verb, adjektiv) 	<ul style="list-style-type: none"> • Skrive samanhengande skrift • Proessorientert skriving • Skrive eigne bøker, fellesbøker og tekster • Systematisk arbeid med ord og ordforståing. • På jakt etter substantiv, verb og adjektiv i ulike tekster. • Bruk av PC som skrivereiskap, og eigna PC-program til øving. • Utdjupe og variere undervisninga med musikk, dans, drama, dikt, eventyr, uteskule osv.(varierte arbeidsformer i høve læringsstilar) • Adjektivforteljing • Brevveksle med jamaldringar • Laga teikneseriar • Bruke grunnleggjande teiknsetjingsreglar • Skrive avskrift

Hovudmål 4*Utvikle lesestrategiar hjå elevane*

Arbeidsmål for elevane	Tilrådde tiltak
<p>1. Kunne utføre sjølvstendig arbeid og vurdere eigen innsats i høve til oppsette mål.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Formulerte læringsmål som blir formidla til elevane både på klassenivå og individnivå. • Gje elevane høve til å evaluere eigen innsats, t.d. på arbeidsplanar, gjennom samtaler med lærar, logg osv. • Innføre og ta i bruk tankekart. • Attforteljing • Idémyldring og ordassosiasjonar. Bruke ulike læringsstrategiar <i>Vedlegg 8: Carol Santa, s. 40</i>

- Pedagog bør lesa:
 - ”Lærerens ABC”- Liv Engen
 - ”Lære å lære” – Carol Santa
 - ”Prinsipper for god leseopplæring” – Jørgen Frost

MÅL OG TILTAK FOR 5. -7. TRINN/MELLOMTRINNET

Hovudaktivitetsområde: Utvikling mot å lesa og skrive meir krevjande tekst.

Lesing blir i større grad enn tidlegare ein reiskap for læring.

Lesing er ein viktig dugleik for å kunne delta og orientere seg i samfunnsutviklinga vår. Det er ikkje nok berre å kunne lesa reint teknisk, ein må også kunne forstå og tolke det ein har lese. Det å utvikle individuell lese-dugleik er ein kompleks og samansett prosess. Lesaren må kunne ei rekkje dugleikar og kunne utnytte desse i aktiv samhandling med teksta. Dette er noko ein må lære.

Hovudtema

- Å lesa innhaldsmessig vanskelegare tekster
- Å skrive meir krevjande tekster
- Å bruke lesing og skriving for å tileigne seg kunnskap og få opplevingar

Hovudmål 1

Halde fram med automatiseringa

Arbeidsmål	Tilrådde tiltak
<ol style="list-style-type: none"> 1. Kunne lesa tekster tilpassa aldersnivået med stor sikkerheit og god lesefart. 2. Vidareutvikle attkjenning av språklege detaljar hjå eleven. 3. Vidareutvikle språkleg fleksibilitet og setningsforståing. Kunne sjå kva for ord/ledd som høyrer saman og kunne flytte på desse utan å endre meiningsinnhaldet (syntaks). 4. Vidareutvikle ord- og omgrepforståing. Utvikle eit stadig meir situasjonsuavhengig språk. 5. Vidareutvikle elevens evne til sjølvkorrigerering. 	<ul style="list-style-type: none"> • Bruke dynamisk kartlegging og testar for å finne ev. problem og meistringsnivået hjå den enkelte. • Bruke tekster som er tilpassa eleven: * Sjølvstendig lesenivå der eleven les med 90-94 % sikkerheit. • Tryggje vidare arbeid med språklege detaljar som stavingar, samansette ord, morfem (minste meiningsberande eining), bøyning av ord, høgfrekvente ord, ikkje-regelrette ord, komplekse ord m.m. Bruke Arbeid med ord og Aski Raski. • Utvide omgrepstilfanget ved aktiv jobbing med synonym, antonym og kategorisering av ord. • Jobbe med grammatikalske strukturar og syntaksar. • Nytte ulike lese-måtar som stillelesing, felleslesing, rettleidd lesing og individuell lesing. • Setje i gang tiltak, t.d. verkstad for homogene grupper med elevar som skårar lågt på testing.

Vedlegg nr.6: Lesehugsliste/Vigdis Refsdal, s. 43

Hovudmål 2

Halde fram med styrkinga av leseforståing og leseglede

Arbeidsmål	Tilrådde tiltak
<ol style="list-style-type: none"> 1. Kunne tileigne seg innhaldet i ulike teksttypar. 2. Kunne forstå det eksplisitte innhaldet (ord, setningar, struktur og sjanger). 3. Kunne forstå det implisitte innhaldet (det som ligg bak og mellom linjene), i tillegg eiga fortolking og gjenskaping. 5. Ha god omgrepsforståing. 	<ul style="list-style-type: none"> • Leseprosjekt og lesekurs • Bruke lesetekster med tilpassa vanskegrad, også når det gjeld fagtekster. • Bruke mykje samtale om innhald, språk og detaljar (sjå tiltak for Hovudmål 1). • Hjelp eleven til å skapa førforståing gjennom: <ul style="list-style-type: none"> * søking etter informasjon frå overskrifter, bilete, bilettekster, margnotat osv. • å aktivere eigne kunnskapar og erfaringar om emnet. • Øve opp den evna eleven har til aktivt å gripe teksta ved å <ul style="list-style-type: none"> * overvake eiga forståing. * stille spørsmål som går i djupna. * utvikle hypotesar undervegs. * oppsummere, trekkje slutningar, fortolke og utprøve hypotesar. • Arbeide for at eleven både har <i>kjennskap til</i> og <i>forståing av</i> omgrep. • Gje munnleg oppsummering av tileigna stoff og tolking av dette innan ulike sjangrar. • Bruke leselogg Vedlegg side 45 og 46 • Faglærer forklarar ord, omgrep og faguttrykk under gjennomgang av nye tema i alle fag.

Hovudmål 3

Å kunne nysere lesinga i høve til leseføremål

Arbeidsmål	Tilrådde tiltak
<ol style="list-style-type: none"> 1. Kunne bruke forskjellige strategiar til ulike typar tekster. 2. Ha ei god sjangerforståing. 3. Kunne utnytte lesinga til å tileigne seg kunnskap. 	<ul style="list-style-type: none"> • Jobbe med lesefart tilpassa formålet. • Jobbe med ulike sjangrar (sjå tiltak under hovudmål 2). • Jobbe med ulike forventningar til ulike tekster. • Bevisstgjera bruken av forskjellige strategiar tilpassa ulike typar tekster som: <ul style="list-style-type: none"> * Skjønnlitterære tekster som krev innleving og medskaping. * Factiontekst (fagtekst i skjønnlitterær form som gjev høve til identifikasjon). * Fagtekster og faktabøker som krev nøyaktig ordavkodning og aktiv søking etter meining med ord, i tillegg god omgrepsforståing. • Kontinuerleg vurdering av elevens faglege utbyte ved lesing av fagtekster gjennom logg, kontrollerande spørsmål, skriftlege og munnlege referat osv. • Les for yngre barn/fadderbarn.

Hovudmål 4

Kunne bruke skriftspråket føremålstenleg ved bruk av ulike sjangrar

Arbeidsmål	Tilrådde tiltak
<ol style="list-style-type: none"> 1. Kunne meistre ei føremålstenleg og tydeleg handskrift. 2. Kunne omsetje tankar, idear, kjensler og kunnskap til god skriftleg formidling. 3. Kunne bruke PC til skriftlege framstillingar. 	<ul style="list-style-type: none"> • Setje krav til handskrifa i alle skriftlege arbeid, uansett fag. • Gje trening i å handtere ulike sjangrar skriftleg. • Jobbe prosessorientert. • Bruke tankekart og disposisjon. • Trene ulike skriftlege oppgåver med følgjande progresjon i vanskegrad, avhengig av nivået hjå eleven. • * Dikteringar der konsentrasjonen berre gjeld å skrive nøyaktig det som er diktet. • * Attforteljingar der ein både skal hugse og fortelje att. • * Fri tekst som er eigenprodusert og krev sjølvstendig trening og kreativitet. • Lære å bruke Touch -system på PC.

Hovudmål 5

Vidareutvikle studietekniske dugleikar

Arbeidsmål	Tilrådde tiltak
<ol style="list-style-type: none"> 1. Kunne tilpasse arbeidsmåten til ulike typar tekster 2. Kunne søkje og nyttiggjera seg ulik informasjon 3. Kunne bruke Internett 4. Kunne samarbeide 	<ul style="list-style-type: none"> • Gje reiskapar og trening i føremålstenleg lesing av ulike typar tekst som: <ul style="list-style-type: none"> * faktalesing med vekt på detaljar * referat, trekkje ut det essensielle og oppsummere * tilpassing av fart ut frå teksttype. • Sjekke forståinga undervegs og trene sjølvkorrigering • Bruke tankekart for å skape oversikt og hjelp til disposisjon • Trene på møteleiing • Trene diskusjonsteknikk, både som sendar og mottakar • Ta notat og skrive referat • Loggskrivning • Bruke Internett som kunnskapsformidlar • Trene på å gje og motta konstruktiv kritikk, med oppfølging og rettleiing av lærar • Trene på samarbeidsoppgåver der lærar følgjer opp prosessen med rettleiing

For hovudmål 2 på neste side – styrke leseforståinga – har me valt å leggje ved ei lesehugseliste frå Vigdis Refsdal, Bredtvet kompetansesenter.

Den er eit godt døme på ei klar og konkret oppskrift, og som vektlegg tre fasar av lesinga:

FØR – IMENS – ETTER.

Tilrår også å lesa heftet: Fagbok i bruk frå lesesenteret med idear og råd om lesing av fagtekster.

Vidare tilrår ein sterkt bøkene til Carol Santa og Liv Engen - med idear og pedagogiske opplegg omkring læringsstrategiar.

MÅL OG TILTAK FOR 8.-10. TRINN/UNGDOMSTRINNET

Hovudtema:

- Å kunne lesa tekster i ulike fag og sjangrar med ulik vanskegrad.
- Å kunne skrive tekster på begge målformer med vekt på formelle rettskrivingsreglar og funksjonelle skrivedugleikar.
- Å kunne bruke digitale verktøy.

Arbeid med disse dugleikane skal prioriterast og gjevast spesiell merksemd i ein tverrfagleg samanheng.

Hovudmål 1. Vidareutvikle lese-dugleik og leseforståing

Arbeidsmål	Tilrådde tiltak
1. Kunne bruke ulike lesestrategiar til ulike typar tekst. 2. Kunne dei fire leseteknikkane - skumming, hurtiglesing, fordjupingslesing, pugging 3. Utvikle ei god sjangerforståing og kunnskap om dei spesifikke kjenneteikna innan sjangrane. 4. Vidareutvikle ord- og omgrepsforståing. 5. Kunne utnytte eiga lesing for å tileigne seg ny kunnskap. 6. Kunne tilnærme og tileigne seg innhaldet i ulike typar tekst, oppbygging og formål. 7. Kunne tolke og analysere ulike tekster. Forstå samanhengen og kunne lesa ”bak og mellom linjene”. 8. Ta ansvar for eigen leseprosess, og delta aktivt i den.	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeide med bevisstgjerung og strategival tilpassa dei ulike sjangrane: Skjønnlitterære tekster, fiction -tekster, fag- og faktatekster. • Lese kurs • Trene på dei ulike teknikane. Jobbe med mange ulike sjangrar og tverrfaglege tekster. Bruke biblioteket • Jobbe aktivt og søkje etter meininga med ord og faguttrykk, og utvikle god omgrepsforståing. • Faglærer forklarar ord, omgrep og faguttrykk under gjennomgang av nye tema i alle fag. • Bruke og vidareutvikle læringsstrategiar. • Stillelesing <i>Vedlegg 7: Læringsstrategier, C. Santa, s. 44.</i> Vurdere elevens faglege utbytte av lesestoff knytt til arbeidsplan og andre prosjekt knytte til lesing. • Samtaler og refleksjonar om motiv, tema og budskap i ulike tekster. • Setje fokus på samanheng mellom sendar og mottakar av tekster, og på samanhengen mellom språk og identitet. • Jobbe med organisering og vurdering av eige arbeid med tekster, og utvikle sjølvstendige hypotesar, stille spørsmål, lytte, oppsummere, trekkje slutningar og diskutere. Sjå: www.norsknettskole.no • Leserekneskap • Loggskriving <i>Vedlegg 9: Leselogg 1, s. 45</i> <i>Vedlegg 9: Leselogg 2, s. 46</i>

Hovudmål 2. Vidareutvikle skriftspråkleg kompetanse

Arbeidsmål	Tilrådde tiltak
<p>1. Vidareutvikle eiga handskrift, slik at ho er leseleg og tydeleg for mottakaren.</p> <p>2. Kunne bruke formelle rettskrivingsreglar.</p> <p>3. Kunne bruke ordliste på begge målformer.</p> <p>4. Forstå grammatikkens grunnleggjande tyding for språkets oppbygging og system.</p> <p>5. Kunne skrive ei tekst med rett val av sjanger, med relevant oppbygging, innhald og samanheng</p> <p>6. Arbeide med innhaldsforståing av tekst i alle fag.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Gje rettleiing og øvingsopplegg til elevar med behov for hjelp. • Rettskrivingskurs. • Jobbe med oppgåver med ordliste som hjelpemiddel. • Opprette språkleg ressursbank i begge målformer som kan innehalde tilrettelagde tekster i alle fag. Den bør også innehalde ord, uttrykk, forklaringar, synonym og antonym. • Intensive grammatikk-kurs i begge målformer. Sjå: www.norsksidene.no • Sjangerskriving med vekt på skjønnlitterære tekster og sakprosaetekster. Sjå: www.norsknettsskole.no • Bruke medium, lyd/musikk, bilete og film. • Tverrfagleg samarbeid.

Hovudmål 3. Vidareutvikle munnleg framstilling

Arbeidsmål	Tilrådde tiltak
<p>1. Meistre ulike munnlege framføringsformer.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Høgtlesing/opplesing. • Intervju. • Presentasjonar – og vurdering av dei. • Samtale. • Diskusjon – uttrykkje egne meiningar. • Foredrag • Møteleiing • Attforteljning • Dramatisering/rollespel. • Kunne avsløre diskriminerande og trakasserande språkbruk.

Hovudmål 4. Bruke digitale verktøy

Arbeidsmål	Tilrådde tiltak
1. Bruke tekstbehandlingsverktøy. 2. Søkje etter/innhente informasjon. 3. Presentere eige arbeid. 4. Skrive rasjonelt og raskt på PC.	<ul style="list-style-type: none"> • Økter med undervisning i relevant programvare. • Internett som kjelde. • Lære om kjeldekritikk. • Tidfeste økter med undervisning i relevant programvare – t.d. PowerPoint. • Kurs for å meistre rasjonell skriving på PC.

Litteraturliste

Læringsstrategiar

PLAN FOR KARTLEGGING FRÅ BARNEHAGE TIL 10. TRINN

God kartlegging er ein føresetnad for at skulen skal kunne gje tilpassa opplæring.

Kartlegging og overvaking har vore utført noko tilfeldig og ulikt frå skule til skule, og også delvis frå klasse til klasse. Sjølv om det har vore god kvalitet på mykje av arbeidet rundt kartlegging, overvaking og evaluering, har dette arbeidet til no ikkje vore sett i noko fast, einskapleg system.

Dei siste åra har det kome pålagde prøver på enkelte trinn. Skulane har rapporteringsplikt på desse prøvene.

Barnehagane har kome i gang med opplegg for tidleg registrering av språk gjennom TRAS.

Overvaksingsplanen som følgjer, blir gjort obligatorisk for barnehagar og skular, og han gjev retningslinjer for oppsummering og vurdering av resultatata.

Skulane har éin person som er ansvarleg for registrering av resultatata. På kommunalt nivå registrerer ein data i kommuneskjema.

Plan for kartlegging frå barnehage til 7. trinn

Trinn	Testmaterieil	Tidspunkt
Barnehage	TRAS (tidleg registrering av språk)	Heile førskuleperioden, fram til omtrent 1. mai
	OBS (overgang barnehage/skule)	Siste barnehageår
1.	OBS	Heile året
	Ringeriksmaterialet, s. 1 – 5**	Oktober/november
	IL basis, Gruppeprøva * nr. 1- 6 * Individuell testing etter behov	April - juni Fortløpande, etter behov
	Utdanningsdirektoratets kartleggingsprøve	Mai
2.	OBS	Heile året
	IL basis, Gruppeprøva * nr. 7 – 8 * nr. 9 – 13 * nr. 14 * Individuell testing etter behov	September Etter bokstavinnlæringa Mai Fortløpande, etter behov
	Utdanningsdirektoratets kartleggingsprøve	Mai
	Utdanningsdirektoratets kartleggingsprøve	Mai
3.	Utdanningsdirektoratets kartleggingsprøve	Mai
4.	Carlstens lese- og skriveprøve	Haust
	Carlstens lese- og skriveprøve	Vår
5.	Nasjonale prøver i lesing og skrivning	September
	Kartleggjaren	Oktober
	Kartleggjaren	April - retesting
6.	Kartleggjaren	September April - retesting
	Kartleggjaren	September April - retesting
7.	Kartleggjaren	September April - retesting

- * Tidspunktet for dei ulike oppgåvene frå IL -basis må tilpassast progresjonen og nivået til den enkelte klassa
- ** Ved behov retestar ein 1. klasse med Ringerikstesten i mai.

Testane som ligg i planen er forpliktande, men ein kan sjølvstekt bruke andre testar i tillegg.

Tipsliste:

- Arbeid med ord
- Hoa: 2. – 4. trinn
- SL – 40
- SL – 60
- Carlstens lese- og skriveprøver

Gjennomføring

Kontaktlærer og skulens spes.ped. koordinator er ansvarlege for gjennomføringa.

Evaluering

Kontaktlærer oppsummerer resultatet av kartlegginga. Kontaktlærer og spes-ped. koordinator ved den enkelte skule gjennomgår resultatata av testane og drøftar konsekvensar og tiltak.

Ved kartlegging av lesedugleik mæler ein resultatet ut frå talet på oppgåver som er gjennomførte i løpet av ei viss tid. For dei som les sikkert, men samtidig er seine lesarar, vil prøver med tidtaking vera lite tenleg. Det er viktig at lærarane er merksame på dette tilhøvet. Det grunnleggjande med all lesing er å forstå tekstene. For mykje fokus på lesefart kan føre til at eleven lærer ein uheldig lesestrategi med mykje gjetting og mange slurvefeil.

Plan for kartlegging 8.-10.trinn

Trinn	Testmateriell	Tidspunkt
8.	Lesing og skrivning - nasjonal prøve Kartleggjaren	Haut Oktober April - retest
9.	Kartleggjaren	September April - retest
10.	Kartleggjaren	September April - retest

TILTAK FOR ELEVAR SOM SKÅRAR NÆR ELLER UNDER KRITISK GRENSE PÅ KARTLEGGINGSPRØVER

Ein reknar generelt med at rundt 10 – 15 % av elevane har ulike vanskar med å tileigne seg funksjonell lese- og skrivedugleik. Det er registrering og observasjon av leseutviklinga hjå elevane som kan gje nøyaktig informasjon om kva for type hjelp som må setjast i verk. Målet med kartleggingsplanen for leseutvikling frå barnehage til 10. trinn er nettopp å få slik informasjon.

Di tidlegare problem blir avdekte i barnehage og skule, di meir vil den systematiske hjelpa ha effekt og verke førebyggjande mot seinare vanskar.

Lærar, skulens koordinator for spesialundervisning og skulens PPT- kontakt må vurdere om vanskar eleven har, kjem av eit spesifikt lese- og skriveproblem (dysleksi), ei generell utviklingsforstyrning, mangelfull stimulering og oppfølging, konsentrasjonsvanskar eller uheldig begynnarpplæring i lesing og skrivning.

Resultata av testane på dei ulike trinna gjev skulen spesifikk informasjon om kva for elevar som treng ekstra trening på ulike område.

Følgjande tiltak for 1., 2. og 3. trinn blir tilrådd for å gje enkeltelevar individuell tilpassing som ordinære hjelpetiltak, utan at hjelpa blir definert som spesialundervisning:

- Særskilt for 1. og 2. trinn: 20 min. dagleg individuell trening profitterer dei godt på.
- Før oppstart av hjelpetiltak utfører ein test/leseprøve, som blir teken opp att ved avslutning for å måle læringseffekt.
- Opplæringa er som for resten av trinnet, men med langsam progresjon og med fleire repetisjonar. Sjå tilrådde tiltak for dei enkelte trinna.
- Hjelpa blir gjeven i ei lita, homogen gruppe på maksimum 4 elevar, og blir gjennomført minst 3 gonger i veka i ein periode på 8 veker om hausten og 8 veker om våren.
- I endå større grad enn elles er det viktig med varierte arbeidsmåtar og meir fordjuping.
- Arbeidet i gruppa må leggjast opp med fast struktur med dei tre arbeidsfasane **heilskap – del – heilskap**. ("Helhetslesingsmetoden"/Jørgen Frost)

Oppsummerande omtale av fasane:

- o **Heilskap** (lesing med støtte). Vanskegraden er vald slik at eleven kan følgje orda når ein annan les teksten høgt. Lærarstøtta gjev elevane høve til å bruke egne avkodningsevner, og også eigen innsikt, sjølv om denne ikkje er nok for sjølvstendig lesing. Eleven får ei leseoppleving før merksemda blir retta mot enkeltdelane.
- o **Del** (metaspråkleg innsikt). Her blir det arbeidd med delar av teksten og analyse av detaljar som ein må meistre for å oppnå funksjonell avkodning (leseflyt).
- o **Heilskap** (samordning og automatisering). Ein les teksten på nytt og no med større flyt og sjølvstende. Eleven opplever meistring og erfarer at detaljtreninga gjev resultat.

Tiltak for 4. – 7. trinn.

Elevar med vanskar på dette nivået er elevar som over lang tid kan ha hatt for vanskelege lese- og fagtekster.

Dei kan ha lagt seg til lite tenlege strategiar – anten lesing med høg fart og mykje gjetting, eller dei har stoppa opp på begynnarnivå med langsam fonologisk lesing.

Konsekvensane er at ein kan oppleve lesing og leserelaterte aktivitetar som meningslause og lite motiverande.

Tiltaka for 4. – 7. trinn er spesialundervisning / lesekurs

Desse elevane treng eit særskilt tilrettelagt tilbod for at opplæringa i lesing og skriving skal bli høveleg individualisert.

- Elev og lærar bør gå gjennom Arbeidsprøven (dynamisk kartleggingsprøve utarbeidd på Bredtvet kompetansesenter) for å finne elevens faglege nivå på ulike område.
- Det blir teke test/leseprøve før og etter hjelpetiltak for å måle læringseffekt. Eksempel på slike testar er "Arbeid med ord", SL 40, SL 60 eller nokre oppgåver frå Arbeidsprøven.
- Eleven deltar på intensivt lesekurs lagt opp etter dei tre grunnleggjande fasane i heilskapslesingsmetoden – som for 1. – 3. trinn.
- Gruppestorleik på kurset er på inntil 4 elevar – aldersblanda om det er føremålstenleg.
- Ein organiserer lesekurset 3 gonger i veka, helst ein dobbeltime, over 8 veker om hausten og 8 veker om våren.
- Lesekurset tek i bruk varierte arbeidsmåtar.
- Lese- og fagtekstene er på tilpassa nivå – med 90 – 95 % meistringsgrad. I teksten dei arbeider med, skal elevane ikkje møte meir enn fem ord som dei ikkje forstår eller ikkje kan lesa.

Tiltak for 8. -10. trinn – spesialundervisning / lesekurs

I tillegg til dei ovanfor nemnde momenta må lesekurset på desse trinna leggje endå større vekt på at elevane involverer seg i eigen læringsprosess. Det er viktig å aktivisere deira eigen motivasjon for å lære å lese på ein måte som gjev forståing og mening. Dette er elevar som ikkje har lært å bruke læringsstrategiar og som treng å *lære* nytten av dette.

1. Bevisst læring (metakognisjon)

Elevane må bli medvitne om korleis dei les og lærer slik at dei kan setje opp eit mål på kva dei vil oppnå med kurset. Målet med *bevisstgjeringa* er at elevane skal lære strategiar for leseforståing og læring. Elevane kan vera med å velje kva for fagtekster dei skal bruke. Når elevane må grunngeva valet, blir dei samtidig medvitne om at det er noko dei ynskjer å meistre betre. Eit viktig aspekt ved dette er å få med elevane i ein aktiv og *kvalitativ vurdering* av eige arbeid ved hjelp av *loggskriving*.

2. Aktivering og bruk av dei forkunnskapane elevane har

Ifølgje eit konstruktivistisk læringsssyn vil aktivering og bruk av *forkunnskapar* vera sentralt, ikkje berre når elevane skal lesa, men i alle lærings situasjonar. Utgangspunktet er at *læring er ein aktiv konstruksjon av eiga forståing*. Ein kan gjerne skrive ned dei forkunnskapane eleven har, i eit *førelesingsskjema* (Jf. VØL Carol Santa). Her kan læraren styrke elevens tru på at det dei tenkjer og veit frå før, har noko å seia for deira eiga læring.

I tillegg må læraren auke elevens leseutbyte ved blant anna å gjennomgå sentrale omgrep i teksten før lesinga tek til.

3. Organisering av kunnskap og forståing

Når elevane aktiverer eigne forkunnskapar, er det viktig å rydde opp i det dei veit, slik at kunnskapane deira er mest mogleg oversiktlege og organiserte i fleire nivå.

Elevane skal gjerast merksame på korleis forfattaren organiserer innhaldet ved hjelp av selektiv understreking, stikkord og oppsummering av hovudinnhaldet.

Organiseringsstrategiar er ein av dei kognitive strategiane for arbeidet med informasjon, som er ein del av leseprosessen.

4. **Ordtilfang og omgrepsdefinisjonar**

Leseforståing har ein klar samanheng med kor godt orda i teksten blir forstått. Det er viktig å bevisstgjera elevane på forskjellen på det å gjenkjenne ord i teksten, og å kunne gje ei generell beskriving av eit ord. Dersom elevar skal stoppe opp i lesinga og undersøkje ord dei ikkje heilt forstår, er dei avhengige av slikt språkleg og metakognitiv medvit. *God ordforståing gjev auka tryggleik i leseforståing og betre fagleg innsikt.*

Oppbygging av ordforråd kan gjerast med ordlister. Fullstendige omgrepsdefinisjonar kan byggjast opp med omgrepskart.

5. **Å lage spørsmål frå tekster**

Formålet med dette er å få elevane til å arbeide grundig med lesing og tekstforståing. Elevar kan lage spørsmål frå tekster for kvarandre. Når elevar lagar spørsmål frå ei tekst, må dei både lesa og forstå teksten grundig. Når elevar arbeider med dette, kan det gjerne kombinerast med metodar frå samarbeidslæring. Carol Santa omtalar i "Lære å lære", kapittel 4, fleire metodar for å la elevane samarbeide om tekstlesing: *Høgttenking, par -arbeid, "post-it", samtaler med idé - diskusjonar, "berre spør", FoSS og MASSE.*

6. **Bevisst leseprosess**

Dette handlar om å bevisstgjera elevane om korleis dei les og kva dei kan gjera for å betre lesinga si, når dei skal lesa lekser, arbeide med prosjekt eller øve til prøve. Målet er å styrke den aktive lesinga til elevane og gje høve til å bidra til si eiga læring i større grad, enn berre å lesa teksten fleire gonger. Ved å dele leseprosessen opp i tre fasar, *før, imens og etter* er det mogleg å drøfte med elevane kva dei kan gjera i dei ulike fasane.

Hjelpemiddel for elevar på mellomtrinnet og i ungdomsskulen

- Lydbøker til dei som har utbyte av det.
- PC- kurs i Touch-metoden, tekstbehandling og retteprogram, Lindys, C-penn og Voxit Budgie.
- God tilgang på pedagogisk programvare med fokus på leseteknikk, leseforståing, lesefart og rettskrivingsprogram.

TILVISING FOR VIDARE UTGREIING AV ALVORLEGE LESE- OG SKRIVEVANSKAR/RUTINER FOR SAMARBEID MELLOM SKULAR OG PPT

SKULENS ANSVAR:

1. – 4. trinn:

- a. Kartlegging:** Gjennomføre kontinuerlege kartleggingsprøver.
- b. Vurdering:** Drøfte resultatene med spesialpedagogisk ressursteam, som eventuelt trekkjer inn PP -tenesta til anonym drøfting.
- c. Tiltak:** Sørgje for at elevar som skårar rundt og under kritisk grense får hjelp i lita gruppe.
- d. Evaluering av tiltak:** I løpet av **3. trinn** må skulen/spesialpedagogisk ressursteam vurdere om iverksette tiltak har vore tilstrekkelege, eller om eleven skal visast til PP -tenesta for vidare utgreiing.
- e. Kartlegging:** Skulen må i løpet av våren få oversyn over elevar på **3. trinn** som dei trur er avhengige av spesielle tiltak (t.d. intensive lesekurs, ekstra omgrepstrening, utprøving av hjelpemiddel). Frå og med 4. trinn må skulen setje av ressursar til desse elevane.
- f. Ved oppstart på 4. trinn:** Etter samarbeidsmøte med PP-tenesta ved oppstart på 4. trinn, har skulen desse oppgåvene ved tilvising til PP-tenesta:

- Leggje ved pedagogisk rapport. Her blir det gjeve eit samandrag av tidlegare lesetestresultat og eit oversyn over tiltak som er utprøvde.
- Leggje ved eit utfylt skåringskjema frå den obligatoriske LS-leseprøva for 3. trinn. I tillegg til skåringsresultat skal prøva vurderast ut frå faktorane:

Korleis arbeider eleven under tidspress?

- § Eleven arbeider seint og omstendeleg.
- § Eleven blir hengjande fast i eit problem og kjem ikkje vidare utan oppmuntring.
- § Eleven er engsteleg og usikker.
- § Eleven blir lett avleidd og klarar ikkje å konsentrere seg.
- § Eleven har lese alle svaralternativa før han/ho avgjer kva for ord som er rett.
- § Eleven arbeider for fort, slik at det blir unøyaktig og feil.

Type feil:

- § Forveksling av bøyingsmorfema ”- en” og ”- ar”. Eleven kan lett setje kryss på **stolar** i staden for **stolen**.
- § Mange kryss på ord som er nesten like, t.d. ”fiks” i staden for ”fisk”.
- § Svakt resultat på ordlesingsoppgåva kan vera knytt til nemningsproblem (ordmobiliseringsproblem).
- Leggje ved individuell prøve/IL-basis: Tekst og ord 1 eller 2 avhengig av prestasjon på gruppeprøva.
- Oppdatert syn og hørselskontroll frå helsesystemer.

5. – 7. trinn:

- Kartlegging:** Gjennomføre kontinuerlege kartleggingsprøver.
- Førehandsdrøfting:** Elevar som skårar rundt eller under kritisk grense på Carlsten – og LS-prøver, skal ein alltid førehandsdrøfte med PPT, for vurdering av tilvising.
- Ved semje om tilvising til PPT:** Resultat frå screeningsprøver og prøve nr. 7 frå Arbeidsprøven (fonologisk medvit) blir lagde ved.
- Tiltak:** Fram til ev. andre tiltak blir sette i verk må skulen sørgje for at desse elevane får hjelp i lita gruppe.

8. – 10. trinn:

Kartlegging: Skulen skal gjennomføre Carlstens lese- og rettskrivingsprøve i starten av skuleåret på 8. trinn.

Førehandsdrøfting: Elevar som skårar rundt eller under kritisk grense på Carlsten-prøva, skal ein alltid førehandsdrøfte med PPT for vurdering av vidare tilvisning og andre moglege tiltak.

Ved semje om tilvising til PPT: Resultata frå Carlsten-prøva og Aston Index blir lagde ved.

ANSVARET TIL PP - TENESTA:**1. - 3. trinn:**

Utgreiing: I denne perioden melder ein normalt ikkje enkeltelevar til PPT for spesiell utgreiing av lese- og skrivevanskar. Det kan likevel vera behov for språkutgreiing i enkelttilfelle.

Vurdering: Resultata av kartleggingsprøvene blir drøfta anonymt med spesialpedagogisk ressursteam.

Rettleiing: PPT rettleier skulen i utforming av tilpassa tiltak for elevar på 1. – 3. trinn.

4. – 7. trinn:

Utgreiing: Ved oppstart på 4. trinn har PP- tenesta og spesialpedagogisk ressursteam eit samarbeidsmøte. Her blir det vurdert kva for elevar som skal utgreiast nærare.

Rettleiing/vurdering av tiltak: Moglege tiltak kan vera spesialundervisning i form av intensive lesekurs, IOP i eitt eller fleire fag, og ulike hjelpemiddel.

8. – 10. trinn:

Utgreiing: I denne perioden melder ein normalt ikkje enkeltelevar til PPT for spesiell utgreiing av lese- og skrivevanskar.

Rettleiing/vurdering av tiltak: Moglege tiltak kan vera spesialundervisning i form av intensive lesekurs, IOP i eitt eller fleire fag, søknad om fritak for karaktervurdering, ulike hjelpemiddel og spesiell tilrettelegging av prøver og eksamen.

Vedlegg 10: Særtrekk ved elevar som kan gje mistanke om lese- og skrivevanskar: s. 47

DEL 3. VEDLEGG

Vedlegg 1.

Medvindsfaktorar for leseundervisningskvalitet (Jørgen Chr. Nielsen, 2001)

Medvindsfaktorar:

- Oppbygging av tekst:
 - Lydrette ord
 - Relativt korte og vanlege ord
 - Korte setningar
- Omfanget av tekst:
 - Stor tekstmengde
- Elevens føresetnader:
 - Høgt fonologisk medvit
- Metodiske delelement:
 - Rask bokstavgjennomgang
 - Arbeide med bokstav - lydsamanhengar
 - Dagleg arbeid med bokstavar
 - Oppøving av sikker ordgjenkjenning
- Lærarens bakgrunn:
 - Mogen alder
 - Lang erfaring
 - Deltatt på langvarige kurs
- Lærarhaldning:
 - Gje inntrykk av at det er enkelt å lesa
 - Lærarens tiltru til systemkvalitetane
- Generell metodikk:
 - Arbeid med ord frå tekst
- Innhaldet i undervisninga:
 - Omgrepstrening

Vedlegg 2

Plan for samarbeid heim/skule

GENERELL INFORMASJON OM LESING OG SKRIVING PÅ FORELDREMØTE I SMÅSKULEN

1. Forholdet mellom informasjon vår og haust

- Det blir gjeve ein grundig informasjon på foreldremøte om hausten.
- Foreldremøte om våren blir bruka til kort repetisjon av nødvendig generell informasjon med vekt på arbeidet i vårsemesteret.

2. L 97 om norsk i småskulen

- Lytte og tale
- Les og skriv
- Kunnskap om språk og kultur

3. Generelle råd til føresette

- Ver støttande, ikkje konfronterande. Gje oppmuntring og vis interesse, ikkje fokuser på feil.
- Skap eit miljø som oppmuntrar til lesing og skriving.
- Tren situasjonsuavhengig språk.
- Bruk mykje tid til høgtlesing
- Å utøve press på eit tidleg tidspunkt kan vera skadeleg

4. Særtrekk ved tidlege lesarar

- Det blir lese mykje for barnet, ofte det same om att og om att.
- Det blir samtala om språk. Barnet blir bevisstgjort på detaljar i språket.
- Skriftspråket blir bruka i meiningsfylte samanhengar

5. Forholdet mellom lesing og skriving

- To sider av same sak. Lesing og skriving forsterkar kvarandre.
- Skriving kjem ofte før lesing

6. Vanskegrad på lesetekster

- Leseteksta skal vera tilpassa den enkelte elev, viktig at teksta er enkel nok.
- Å vera sikker og nøyaktig i lesinga må koma før lesefart.

BIBLIOTEK

- Det er mogleg å invitere biblioteket på foreldremøte på 2. og/eller 3.trinn. Dei informerer om kor viktig det er å lesa og har med eksempel på bøker som høver på det aktuelle årstrinnet og for ulike interesser.

INFORMASJON TIL FORELDRE, FORSLAG TIL INNHOLD

1. TRINN

Aktivitet	Forslag til innhald
Foreldremøte, haust/vår	<p>Generelt Hovudvekta ligg på</p> <ul style="list-style-type: none"> - Motivering - Stimulering av den språklege utviklinga - Førebuande munnlege og skriftlege aktivitetar, <p>Munnleg</p> <ul style="list-style-type: none"> - Språkleikar - Samtaler - Mykje høgtlesing - Lydar/bokstavnamn <p>Skriftspråket</p> <ul style="list-style-type: none"> - Leikeskriving - Felles tekstskaping - Individ. tekstskaping (lærer som sekretær) - Leggje vekt på skriftspråket som formidling og kommunikasjon <p>Video/CD</p> <ul style="list-style-type: none"> - Språkverkstad <p>Testar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Info om Ringeriksmateriell - Info om IL- basis, første del <p>Heime</p> <ul style="list-style-type: none"> - Høgtlesing helst kvar dag - Følgje opp barnets interesse for bokstavar og lydar. - Vera barnets sekretær - Formidle ei eiga interesse for lesing og skriving
Utviklingssamtaler	<ul style="list-style-type: none"> - Aktuelle punkt frå foreldremøtet blir tekne opp att og knytte til den enkelte eleven. - Eventuelle testresultat og konsekvensar for det vidare arbeidet blir formidla. - Arbeid med elevar med ekstra ressursar blir gjeve spesiell merksemd.
Testar	<ul style="list-style-type: none"> - Heimane blir informerte generelt, og eventuelt spesielt, om at testing finn stad. (tidspunkt) - Spesielle "funn" og ev. tiltak blir formidla til og drøfta med føresette.

2. TRINN

Aktivitet	Forslag til innhald
Foreldremøte haust/vår	<p>Besøk frå biblioteket</p> <p>Generelt</p> <ul style="list-style-type: none"> - Me legg større vekt på lesing og begynnande skriving - Presenterer læreverk/materiell - Minner om språk som formidling og kommunikasjon - Minner om høgtlesing som svært viktig for språkutviklinga - Ulike forventningar til ulike barn. Me utviklar oss i litt forskjellig takt. - Sjølvstendig lesing: Enkle tekster, eleven skal enkelt meistre minst 95 % av teksta på eiga hand. (Bredtvet) - Rettleidd lesing: Skal meistre ca. 85 % av teksta åleine <p>Munnleg</p> <ul style="list-style-type: none"> - Legg vekt på forskjell mellom bokstavlyd og <i>-namn</i>. - Innføring av små bokstavar styrkjer leseopplæringa. Gjev tilgang til fleire tekster og lettare oppfattinga av ordbilete. - Gjev eksempel på ulike typar leselekse, også nivåtilpassa lesing. - Felles tekstskaping og arbeidet med denne. (Analyse; setning/ord/bokstav, individuell lesing osv.) - Mykje høgtlesing - Samtaletrening. Fortelje, laga historier, lytte <p>Skriftleg</p> <ul style="list-style-type: none"> - Større vekt på formell bokstavkunnskap - Informerer om korleis skulen arbeider med den tekniske bokstavopplæringa - Gjev eksempel på ulike typar skrivelekse, også nivåtilpassa skriving. <p>Testar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Info om IL-basis og oppfølging av denne - Info om LS-prøver. <p>Heime:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Jamleg høgtlesing - Oppfølging av leselekser - Formidling av eigeninteresse for lesing og skriving
Konferansetimar	<ul style="list-style-type: none"> - Aktuelle punkt frå foreldremøtet blir tekne opp att og knytte til den enkelte eleven. - Eventuelle testresultat og konsekvensar for det vidare arbeidet blir formidla. - Arbeid med elevar med ekstra ressursar blir gjeve spesiell merksemd.
Testar	<ul style="list-style-type: none"> - Heimane blir informerte generelt, og eventuelt spesielt, om at testing finn stad (tidspunkt). - Spesielle ”funn” og ev. tiltak blir formidla til og drøfta med føresette.

3. TRINN

Aktivitet	Forslag til innhald
Foreldremøte haust/vår	<p>Ev. besøk frå biblioteket</p> <p>Munnleg</p> <ul style="list-style-type: none"> - Eit barn som les mykje blir flink til å skrive og formulere seg. - Ikkje gløym høgtlesing sjølv om barnet kan lesa sjølv. Høgtlesing kan presentere tekster som barnet kan strekkje seg litt etter og dermed utvikle språket ytterlegare. - Hugs leseleksa. Når barnet har lært å lesa, er det viktig med mykje trening. - Leseforståinga kan vera eit kritisk punkt. Ver obs. på gjetting. Fokuser på å vera nøyaktig. - Me vil ha langsame og sikre lesarar framfor raske og usikre! - Samtaletrening. Fortelje, laga historier, lytte <p>Skriftleg</p> <ul style="list-style-type: none"> - Skriftleg norsk får spesiell merksemd - Lykkjeskrift blir innført når eleven er trygg på forholdet bokstav/lyd/skrifteikn. - Informerer om det praktiske arbeidet med bokstavar og individuelle forventningar. - Me motiverer til skrivning, fokuserer ikkje på feil. - Situasjonsavhengig/-uavhengig språk: Skriftspråket krev eit situasjonsuavhengig språk. Me oppmuntrar til å bruke ord i større grad enn kroppsspråk. - Mykje lesing (stillelesing og høgtlesing) verkar positivt inn på skriftspråket. - Gjev eksempel på ulike skriftlege aktivitetar <p>Testar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Eventuelt IL-basis - LS-prøver <p>Heime:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Oppfølging av lekser - Oppmuntring til eiga lesing og skrivning
Konferansetimar	<ul style="list-style-type: none"> - Aktuelle punkt frå foreldremøtet blir tekne opp att og knytte til den enkelte eleven. - Eventuelle testresultat og konsekvensar for det vidare arbeidet blir formidla. - Arbeid med elevar med ekstra ressursar blir gjeve spesiell merksemd.
Testar	<ul style="list-style-type: none"> - Heimane blir informerte generelt, og eventuelt spesielt, om at testing finn stad (tidspunkt). - Spesielle "funn" og ev. tiltak blir formidla til og drøfta med føresette.

4. – 7. TRINN

Aktivitet	Forslag til innhald
Foreldremøte	<p>Munnleg</p> <ul style="list-style-type: none"> - Lesetrening trengs dagleg, både høgtlesing og stillelesing. - Fagtekster kjem inn som ein vanskelegare lesetekst som må arbeidast spesielt med: <ul style="list-style-type: none"> * overskrifter * bilete * ord og omgrep - * innhaldsforståing * mykje samtale rundt tekst <p>Skriftleg</p> <ul style="list-style-type: none"> - Mykje fri skrivning, tekstskaping <ul style="list-style-type: none"> * Prosessorientert skrivning * Loggskrivning * Referat * Andre sjanstrar - Etter kvart meir formaltrening, grammatikk med skriftlege øvingsoppgåver. Gjev eksempel på grammatikalske emne som blir tekne opp på det aktuelle trinnet. - Vektlegging av skriveglede! <p>Testar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Informerer om testar som skal takast på det aktuelle trinnet (sjå overvakingsplanen). <p>Heime</p> <ul style="list-style-type: none"> - Følgje opp lekser - Oppmuntre til bibliotekturar - Oppmuntre til høgtlesing for mindre barn
Konferansetimar	<ul style="list-style-type: none"> - Aktuelle punkt frå foreldremøtet blir tekne opp att og knytte til den enkelte eleven. - Eventuelle testresultat og konsekvensar for det vidare arbeidet blir formidla. - Arbeid med elevar med ekstra ressursar blir gjeve spesiell merksemd.
Testar	<ul style="list-style-type: none"> - Heimane blir informerte generelt, og eventuelt spesielt, om at testing finn stad (tidspunkt). - Spesielle ”funn” og ev. tiltak blir formidla til og drøfta med føresette.

Vedlegg 3

Leseutviklingsmodell/Spear-Swerling og Sternberg, 1994

Leseutvikling

Halde fram med å utvikle avanserte strategiar for bruk av lesing

5. Proessorientert lesing

4. Ortografisk lesing

Oppbygging av ordkunnskap

Automatisering

3. Etablering av ortografiske strategiar

Gjenkjenning av småord

Oppbygging av ordkunnskap

2. Fonologisk lesing

Sikker bruk av fonologisk strategi

1. Etablering av fonologiske strategiar

Fonemmedvit

Bokstavkompetanse

Lesing med bruk av visuelle strategiar

Avvik

5 a

Suboptimal lesing.
Bruk av strategiar til forståing.

4 a

Forseinka lesing.
Ikkje automatisert.
Forståing?

3 a

For langsam lesing.
Ikkje automatisert fonologisk lesing.

2 a

Kompensatorisk lesing.
Forståing?

1 a

Framleis bruk av visuell strategi.
Alfabetisk innsikt.

Vedlegg 4

Eksempel på språkleikar – fritt etter Jørgen Frost

Emne:	Forslag til leikar og aktivitetar:
Lytteleikar Meistringsmål: - Bli merksam og nysgjerrig på lydar - Utvikle eit situasjonsuavhengig språk	<ul style="list-style-type: none"> • Lytte til lydar ute og inne – naturlege lydar, ”kunstige” lydar. • Innandørs – utandørs, med opne augo – lukka augo, osv. • Lage lydar. La barna gjete kva slags lyd • Leite etter noko/nokon som lagar lyd. • Leike leikar som t.d. ”Hunden og kjøttbeinet”. • Kviskreleikar. Finne barn som kviskrar namn, la eit ord gå rundt i sirkelen • ”Hugsar du”? Gje instruksjonar i bestemt rekkefølge. • Beskrivingsleikar – situasjonsuavhengig språk. Skjulte ting, overraskingspose, følekasse
Rim og regler Meistringsmål: - Kunne 2- 3 rim utaboks - Kunne rime sjølv	<ul style="list-style-type: none"> • Sei enkle rimevers saman. Lære utaboks, klappe, syngje, rytme ... • Ellingar. Bruk dei der det er naturleg. • Variere rim og ellingar på ulike måtar. Høgt/lågt, svakare/sterkare, eit ord kvar • Finne rim til biletkort • Finne flest mogleg ord som rimar på det same. • Lytte ut kva for ord som rimar blant fleire. • Fullføre setningar. ”Det var ei ku som” • ”Mitt skip er lasta med ...” - rimeord. • Finne gjenstandar eller biletkort som rimar. • Lage rimebok
Setning og ord Meistringsmål: - Kunne omgrepa setning og ord. - Kunne telje ord i ei setning - Kunne uttale ord langsamt med kontrollert artikulasjon.	<ul style="list-style-type: none"> • Lære kva ei setning er. Lage egne setningar. • Dele setningar opp i ord. Finne og telje ord i setningar. Konkretisere med klossar/biletkort osv. • La barna vera/seie ord i setningar. Utvide til vers. • Setje saman ord til samansette ord. Fot + ball = fotball Leik: ”Gjer ferdig ordet: Fot • Dele opp samansette ord. Fotball = fot + ball • Gjete kva for ord som manglar i ei setning. ”Eg ... brus” ... Bruk ordklossar. • Korte og lange ord. Kva for ord er lengst – tog eller lokomotiv....
Stavingar Meistringsmål: - Kunne omgrepa setning og ord - Kunne telje ord i ei setning - Kunne uttale ord langsamt med kontrollert artikulasjon	<ul style="list-style-type: none"> • Klappe namn • Klappe namn på dyr og gjenstandar • ”Kongen befaler” med rytmiske kommando -ord • Gjete ord uttrykt i stavingar. Eg har ein te –le - fon • Klappark /klappebok

<p>Fonem</p> <p>Meistringsmål:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kunne seie lyden i to- og trelydsord - Kunne koordinere uttala av lydar i brikker o.l. - Kunne setje lydar saman til to- og trelydsord - Kunne forstå at ord i talespråket skal passe lydmessig med bokstavar i skriftspråket 	<ul style="list-style-type: none"> - Tolyds ordhistorie. Bruk klossar. - Lydere tolydsord. Finne gjenstandar/biletkort. - Tilsvarande med trelydsord. - Kombinere rim og lydering: ål – mål... - Tilsvarande med firelydsord. - Rimebilette/rimegjenstandar: bil – pil, is – avis – ris..... - Trekkje biletkort/gjenstandar opp frå kasse og lydere dei: - K- a - m... - ”Lydball” - Lydere enkeltord med klossar. Samanlikne lengde. - ”Gjet kva eg seier”. Uttale lydlaust med tydeleg mimikk. - Lytte ”nabolydar” i ord. - Lage ”lydbøker” med to-, tre- og firelydsord. - ”Kviskreleiken” - ”Mitt skip er lasta med....” - ”Edderkoppens nett” - ”Hemmelege ting” med to, tre eller fire lydar.
---	---

Vedlegg 5
Tidsplan for språktreningsprogram/1. trinn/Jørgen Frost

Månad nr.	1 (august)	2	3	4	5	6	7	8
Lytteleikar	—————		-----					
Regler og rim	—————	~~~~~	~~~~~	~~~~~	-----	-----	-----	-----
Setning og ord	—————	—————	—————	~~~~~	~~~~~	-----	-----	-----
Stavingar		—————	—————	~~~~~	~~~~~	-----	-----	-----
Framlyd			—————	—————	—————	—————	~~~~~	-----
Fonem					—————	—————	—————	-----
	—————	—————	~~~~~	-----				
	Kvar dag	Nesten kvar dag	Med jamne mellomrom	Av og til				

Vedlegg 6
Lesehugseliste/ Vigdis Refsdal

FØR, I MENS, ETTER:

LESE, FORSTÅ, HUGSE OG LÆRE

LESEHUGSELISTE		X
<p>FØRST</p> <ul style="list-style-type: none"> Ø Kva handlar teksten om? Ø Kva veit eg om det frå før? Ø Korleis er teksten bygd opp? Ø Kvifor skal eg lesa? Ø Kva kan eg "spørje" teksten om? Ø Kva trur eg kjem i teksten? Ø Kan eg bruke eit skjema? 	<ul style="list-style-type: none"> Ø (Les overskrift) Ø (Skrive det ned) Ø (Bla i boka) Ø (Få oversikt, finne noko, lære) Ø (Laga spørsmål) Ø (Å ha ei forventning)) Ø (Skrive inn det eg veit) 	
<p>IMENS</p> <ul style="list-style-type: none"> Ø Kva er viktig å leggje merke til.? Ø Forstår eg det eg les? Ø Passar eg på å lesa rett? Ø Undersøkjer eg når noko er uklart? Ø Skriv eg opp nye ord? Ø Noterer eg noko undervegs? Ø Kan eg skrive inn i skjema? 	<ul style="list-style-type: none"> Ø Få med hovudinnhaldet) Ø Ord, setningar og meining) Ø (Les om att, lesa nøye) Ø (Slå opp, spørje) Ø (Lag ei liste) Ø (Stikkord, punkt) 	
<p>ETTERPÅ</p> <ul style="list-style-type: none"> Ø Kan eg laga eit samandrag av teksten? Ø Kan eg skrive inn i skjemaet? Ø Hjelper skjemaet meg til å forstå og hugse? Ø Kva har eg fått svar på? Ø Kva har eg lært? Ø Kan eg laga spørsmål til andre? 	<ul style="list-style-type: none"> Ø (Skrive) Ø (Skrive) Ø (Tenkje) Ø (Sjekke med spørsmåla) Ø (Tenk og skriv) Ø (Vera "lærer") 	

Vedlegg 7
Læringsstrategiar (Lære å lære, Carol Santa)

Om arbeidsformer og læringsstrategiar gjennom aktiv lesing.

Dei kvite felta i skjemaet viser når ulike læringsstrategiar kan takast i bruk.

Strategi/ Klassestrinn	1.tr.	2.tr.	3.tr.	4.tr.	5.tr.	6.-10. tr.
Forteljingsstruktur						
Vurdere forfattarens handverk/skrivestil						
Selektiv understreking						
Styrkenotat (1-2-2-2-2)						
FOSS						
Aktivisere bakgrunnskunnskap						
VØL -skjema						
Tankekart						
Tokolonne - notatar						
Læringslogg						
Spoletekster						
Kom Tekster						
Attfortelje eller laga samandrag						
Vurdere eigen strategibruk						

Vedlegg 9


Leselogg 1

Dette kan elevane skrive om i loggen:

1. Tema: Kva handla boka egentleg om?
2. Skildring: Kan du sjå det for deg? Kan du føle? Høyre? Er det for lite skildring? Er det for mange detaljar?
3. Dialog: Er samtalene naturlege? Kunne du høyre stemma til personane i boka? Var det mykje direkte tale? For lite?
4. Innleiing: Korleis blei historia presentert for lesarane?
5. Avslutning: På kva for måte tok forfattaren farvel med lesarane? Var du nøgd med slutten?
6. Tilbakeblikk: Korleis bruka forfattaren skifte i tid, og kvifor?
7. Stemning: Var boka munter? Trist? Lo du? Gret du? Kvifor?
8. Miljø: Tid/stad? Når og kor gjekk forteljinga for seg?
9. Informasjon: Lærte du noko? Gav boka deg kunnskap du ikkje hadde frå før?
10. Personutviklinga: Korleis var handlingar, tankar og kjensler hjå personane skildra? Verka dei truverdige? Kunne lesaren identifisere seg med personane og sjå ting med deira augo?
11. Hovudpersonane: Kven er hovudperson? Kva gjer nettopp desse personane til hovudpersonar?
12. Titlar: Var tittelen på boka god? Treffande?
13. Truverde: Var innhaldet realistisk? Var det slik at du trudde på det? Trudde du på personane? Vedgjekk innhaldet deg?
14. Spenning: Var innhaldet slik at du heile tida kunne gjete deg til korleis det kom til å gå? Spenningstopp?
15. Action: Var det nok handling til å fange interessa? For mykje ytre handling? For lite vekt på tankar og kjensler hjå personane?
16. Lengde: Var boka for lang?
17. Synsvinkel: Kven fortalde historia? Var ho skriven i første person? Tredje person? Kvifor hadde forfattaren valt denne synsvinkelen? Veksla forfattaren mellom ulike synsvinklar? Kvifor?
18. Språk og stil: Var det god flyt i språket? Tenkte du nokon gong over om enkelte avsnitt var spesielt velskrivne? Bilete? Symbol?
19. Korleis blir ei bok til?

Vedlegg 9

Leselogg 2



Vedlegg 10**Særtrekk ved elevar som kan gje mistanke om lese- og skrivevanskar****Særtrekk ved lesing som kan gje mistanke om lese- og skrivevanskar**

- | | |
|--|---|
| 1. Unaturleg tempo
- svært fort
- svært langsamt | 8. Utelèt/tilføyer småord
(Tekst: Dei såg ein rev.
Lese: Da såg dei ein rev.) |
| 2. Liten flyt
- hakkete
- nølande | 9. Byter om/forvekslar
- bokstavar som er lydlike
(d1 t, g1 k, f1 v, b1 p) |
| 3. Utydeleg uttale | - delar av ord
(sparke1 sprake, far1 fra,
visp 1 vips) |
| 4. Lydrett uttale
(Per <u>tegn</u> et en hund) | 10. Vanskar med enkel-/dobbel konsonant
(tak1 takk, leite1 leitte) |
| 5. Gjet ofte
- ut frå ordforma
(som " små, ni " nå, de " da)
- ut frå den første bokstaven
(dit " da)
- ut frå bokstavar i ordet
(fekk " gjekk, lukka " lika
- ut frå eitt eller fleire ord i setninga
(Tekst: Revemora lukket øynene.
Lese: Revemora likte ungene) | 11. Mister ofte linja
- seier gjerne at
- linjene flyt saman
- bokstavane går over kvarandre
- bokstavane blir doble
- bokstavane legg seg på skrå
- bokstavane lyser |
| 6. Byter om/forvekslar
- bokstavar som er formlike
(m1 n, d1 b, d1 p, t1 f)
- speglvender heile ord
(sol1 los, rom1 mor) | 12. Vanskar med å konsentrere seg om lesinga
sjølv om lærar og elev jobbar saman om
oppgåva |
| 7. Utelèt/tilføyer endingar
(buskar 1 busken
Revemor 1 revemora) | 13. Gløymer ord kort etter å ha lært å lesa dei |
| | 14. Ber ofte læraren lesa ordet |
| | 15. Har vanskar med å forstå innhaldet i det som
blir lese |
| | 16. Skårar lågt på leseprøver for klassetrinnet. |

Særtrekk ved skriving som kan gje mistanke om lese- og skrivevanskar

1. Ujamm skrift - overstrykingar - utydelege bokstavar (m kan lesast n eller m, a kan lesast a, u eller o) - orda heng ikkje saman (al l tid, bo rdbein)	6. Utølet bokstavar (Skriv Ptr for Petter)
2. Vanskar med storleiken på bokstavane og form (trafiKK, SPreng)	7. Føyar til bokstavar Paraplystastiv, frabrikk)
3. Inkonsekvens i bruk av - mellomrom (springvi, til bake) - teikn - linjer - skrårstilling (legevakta)	8. Forvekslar lydlike bokstavar (u l y, b l p, g l k, f l v, d l t)
4. Snur - formlike bokstaver (d l b l p, t l f, n l u) - ord (lys l syl, mil l lim)	9. Snur delar av ord (klatre l klarte)
5. Skriv lydrett (di jik en tur de reinet jyseli vem eier hunen)	10. Sløyfar endingar (skriv elev for elevar)
	11. Problem med enkle/doble konsonantar
	12. Skrivninga synest svært energikrevjande
	13. Gjer det dårleg på diktatar/ordprøver
	14. Ved friskriving: 30% eller meir av orda stava feil
	15. Skriv så lite som mogleg

Særtrekk ved generell åtferd som kan gje mistanke om lese - og skrivevanskar

1. Må snakke høgt ved skriving	12. Har finmotoriske vanskar
2. Må halde boka på ein bestemt måte for å lesa	13. Er anspent – stive skuldrar
3. Har mysande blikk	14. Har vanskar med å uttrykkje seg
4. Har nasa ned i boka	15. Verkar nervøs eller engsteleg i mange situasjonar
5. Les ikkje i fritida	16. Trekkjer seg tilbake når ting blir vanskelege
6. Har vanskar med å hugse retningar, namn eller detaljar	17. Blir fort irritert, sint eller frustrert
7. Har ofte hovudverk	18. Har altfor mykje eller av og til altfor lite energi
8. Blir fort trøyytt i augo ved lesing eller TV-titting	19. Har konsentrasjonsvanskar
9. Er mykje flinkare og ivrigare i andre fag enn i norsk og engelsk - ofte fag der kunnskap blir formidla munnleg	20. Har vanskar med å knyte nære vennskap
10. Har artikulatoriske vanskar	21. Har humoristisk sans eller ein utruleg måte å koma i klammeri med andre på
11. Har dårleg auge – hand – koordinasjon	22. Har grovmotoriske vanskar

Referansar/litteraturliste

- Lære å lære. Prosjekt Criss. C. Santa og L. Engen. Stiftelsen dysleksiforskning, 1996
- Prinsipper for god leseopplæring. Jørgen Frost. Cappelen akademisk forlag, 2003
- Lesepraksis – på teoretisk grunnlag. Jørgen Frost. Cappelen, 1999
- Gi rom for lesing! Strategi for stimulering av leselyst og leseferdighet 2003 – 2007, UFD 2003. Publ.nr. 5-4148-B
- Lese- og skriveopplæring, veiledning L97. KUF, 1999
- Lære å lese. C. Santa. Stiftelsen dysleksiforskning, 1990
- Tale og skrift i førskolealderen. B. Hagtvet, 2002
- Skriftspråkutvikling gjennom lek. B. Hagtvet, 1998
- Å lære å lese og skrive/Individ i kontekst. S-A. H. Lyster. Universitetsforlaget, 1998
- Ord på nye spor – innføring i prosessorientert skrivepedagogikk. O. Dysthe, 1993
- Idéhefter for 2., 3., 5., 7. og 9. trinn, knyttet til kartleggingsprøvene. Læringscenteret
- Leseverksted. Kristin Giæver. Gyldendal Norsk Forlag A/S 1994
- Norsk språk og litteratur. Christophersen. Hageberg. Kulbranstad. Aschehoug 1994
- Ord på nye spor – prosessorientert skrivepedagogikk. Olga Dysthe 1993
- Mappevurdering i ungdomsskolen. Charlotte Bræck. Damm&Sønn. 2004
- Norsk fagdidaktikk. Hefte UIO. 2004
- Foreldrenes ABC. Liv Engen.
- Gi barnet ditt vinger. Brosjyre fra biblioteksentralen. Barn 6 – 9 år.

Nettadresser: www.norsknettskole.no

Materiell

- Lettlestserier/Gullhoj forlag
- Lettlestserier/Gahn forlag
- Lek og Les/Larsen forlag
- Snakkepakken/Riktige leker
- Språklekpermen/Jørgen Frost
- Språksprell/Valle og Elsbak/Gyldendal
- Språkverkstedet/Tingleff
- Simsalabim – vi leser!/Cappelen
- Simsalabim – vi leser mer!/Cappelen
- Arbeid med ord/Læremidler A/S